

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Marius Flemmen Knudsen	FA - S11	16/32

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/2016	Formannskapet	PS	31.05.2016
029/2016	Kommunestyret	PS	16.06.2016

Høyringsuttale - Søknad om løyve til 8 små vasskraftverk i Modalen kommune i Hordaland, fleire søkjarar

Forslag til vedtak:

På generelt grunnlag er Modalen kommune positiv til at småkraftverk kan byggjast for å gje tilleggsnæring/inntekter og vere med på å styrkje busetnaden i kommunen.

Modalen kommune har ikkje merknader til konsesjonssøknaden for Tverråna Kraftverk, Budal II kraftverk, Todeilselva kraftverk, Seljedalselva kraftverk, Bleidalselva kraftverk og Almelidelta kraftverk slik anlegga er planlagd gjennomført og med dei avbøtande tiltak som er tilrådd i søknaden. Kommunen vil påpeike at Hellandsdalen er meir brukt i friluftslivssamanheng enn det som kjem fram i søknadane.

Modalen kommune meiner at ved godkjenning av konsesjonssøknaden til Nådalselva kraftverk bør alternativ C velgast for å redusera miljøpåverknad som beskreve for alternativet.

Modalen kommune gjev motsegn mot konsesjonssøknaden for Kvernhusfossen kraftverk. Tiltaket strir mot kommuneplanens arealdel, då arealet har omsynssone mot utbygging av vasskraft. Vidare er Kvernhusfossen eit viktig element i fjordlandskapet og er godt synleg frå Mo sentrum og frå fjorden. Dette kjem også fram i Hordaland Fylkeskommune sin fylkesdelplan, kor det vert vist til at det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden og i Mo sentrum

Modalen kommune føreset at NVE fastset restriktive konsesjonsvilkår til gjennomføring av disse prosjekt for å minimalisera dei miljømessige ulempene som tiltaka medfører. Det må takast omsyn til turstiar, ferdaveger, sætersti og liknande ved utbygging slik at allmenn ferdsel og friluftsliv ikkje vert hindra. Kraftverk og lukehus må ha fokus på estetisk utforming og tilpassast terrenget. Kraftverka skal liggje sentralt fleire stadar i bygda og nær opp mot naboar. Estetisk utforming og reduisering av støy er derfor viktig for prosjekta. Det må stillast krav til opprydding av tiltaksområde.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

NVE har i brev dagsett 31.03.2016 til Modalen kommune oversendt 8 søknader (Modalspakka) på høyring om løyve til å byggje kraftverk. Søkjar er Modalen kraftlag BA og Småkraft AS. Høyringsfrist er satt til 01.07.16.

NVE skal handsama søknadane samstundes, og skal vurdera den samla belastninga for område. NVE ber difor høyringspartane om å vurdera kvar sak for seg, men at det gjerast ei samla vurdering av alle søknadane. På bakgrunn av dette har administrasjonen difor laga ein separat og ei samla vurdering av alle 8 søknadane.

Søknadane på høyring er:

Nåmdalselva kraftverk – Modalen kraftlag BA: Søknad om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av eit fall i Nåmdalselva. Inntaket er planlagd på 282 moh, og kraftverket har tre alternative plasseringar frå 125-140 moh.

Tverråna kraftverk – Modalen kraftlag BA: Søknaden om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av eit fall i Tverråna. Inntaket er planlagd på 393,5 moh, og kraftverket er planlagt å ligge på 135 moh.

Budal II kraftverk – Modalen kraftlag BA: Søknaden om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av eit fall i Budalselva. Inntaket er planlagd på 127,5 moh, og kraftverket er planlagt å ligge på 25,5 moh.

Kvernhusfossen kraftverk – Modalen kraftlag BA: Søknaden om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av eit fall i Kvernhusfossen. Inntaket er planlagd på 282 moh, og kraftverket er planlagd å ligge på 5 moh.

Todeiselva kraftverk – Småkraft AS: Søknaden om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av fall i i Todeiselva og Almabekken. Søknaden gjeld også overføring av vatn frå Almabekken inn i felles rørgate med vatn frå Todeiselva. Inntaka er planlagd på 355 moh, og kraftverket er planlagd å ligge på 105 moh.

Seljedalselva kraftverk – Modalen kraftlag BA: Søknaden om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av fall i Seljedalselva. Kraftstasjonen vil vere eit felles bygg for både Seljedalselva og Bleidalselva. Søknaden gjeld også overføring av vatn frå Trollegilsbekken inn til inntaket i Slejedalselva. Inntaket er planlagd på 383 moh, og kraftverket er planlagt å ligge på 193 moh.

Bleidalselva kraftverk – Modalen Kraftlag BA: Søknaden om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av fall i Bleidalselva. Søknaden gjeld også overføring av vatn frå ein mindre sidebakk like sør for Bleidalselva inn til inntaket i Bleidalselva. Inntaket er planlagd på 343 moh, og kraftverket er planlagd å ligge på 193 moh.

Almelidelva kraftverk – Modalen Kraftlag BA: Søknaden om løyve gjeld bygging av kraftverk basert på utnytting av fall i Almelidelva. Inntaket er planlagd på 353 moh, og kraftverket er planlagt å ligge på 129 moh.

Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande

koplingsanlegg og kraftline.

NVE ønsker mest mulig konkrete synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje, val av eventuelle alternativ og forslag om avbøtande tiltak. Kommunane blir spesielt bedne om å vurdere søknadane opp mot gjeldande arealplanstatus.

Alle prosjekt vart presentert av NVE på folkemøte 24. mai 2016.

Vurdering

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd ein fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021. Planen går gjennom kva utviklingspotensiale det er for småkraft i Hordaland. Her er det gjort vurderingar basert på landskap, biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv, m.m. Det vert i planen vist til at det er i Modalen-Eksingedalen eit stort potensial for småkraft. Samstundes vert det vist til at det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden og i Mo sentrum. Det er også i planen vist til at fjordlandskapet langs Mofjorden er heilskapleg, med stort mangfald og høg inntrykksstyrke og er vurdert til å ha stor verdi.

Generelt sett er Modalen kommune positiv til småkraft som ei tilleggsnæring for grunneigarar så lenge tiltaka ikkje inneber uholdbare konsekvensar for miljø og samfunn. I kommuneplanen er det gjort vurderingar basert på blant anna småkraftplan, kva vassdrag skal kunne byggast ut til kraftproduksjon. Det er lagt omsynssone på vassdrag kommunen ikkje ynskjer å utnytta til kraftproduksjon.

Modalen kommune har i eige småkraftplan for Modalen gjort vurderingar rundt utbygging av småkraftverk, denne er ikkje politisk handsama. Planen skal nyttast ved vurdering av søknadar om småkraftverk.

Søknadane med tilhøyrande miljøvurderingar er utarbeidd av Bystøl AS og Småkraft AS.

Nåmdalselva kraftverk

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på ca. 10,3 GWh, ved å nytta fallet på 167,5 meter i Nåmdalselvi. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 282 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 25 meter og ei høgd på 3 meter. Vassvegen vil bli på 1590 meter i nedgraven rørgate fram til kraftverket. Sjølve kraftverket har tre alternative plasseringar frå 125-140 moh. Det vert søkt om nye vegar på inntil 200 meter, avhengig av alternativ det vert gjeve konsesjon til. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 38,7-41,9 mill. kr (4,03-4,14 kr/kWh) avhengig av kva utbyggingsalternativ som vert vald.

Kraftverket kan knytte seg på eksisterande kraftlinje, dette er planlagd gjort ved jordkabel på om lag ca. 150 meter. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1505-1720 meter lang elvestrekning. Planlagd minstevassføring er 160 l/s sommartid (1.5-30.9) og 50 l/s resten av året.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område. Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. I småkraftplan er Nåmdalselva satt i middels konfliktgrad grunna almenne interesser. Område har fleire kulturlandskapselement som gjev grunnlag for at område er nytta som turområde. Område er registrert som utfartsområde i friluftslivskartlegging. Det er registrert SEFRAK bygg i område, desse vert ikkje påverka av tiltaket. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar eller raudlista artar i område, men redusert vassføring vil påverke botndyrfauna. Utbygging vil difor

redusera mattilgang for Fossefall, og i den nedre del av vassdraget er det mogleg at utbygging kan øydelegge leveområde for vintererle. Det er difor viktig at vassføring ikkje vert for låg.

Tverråna kraftverk

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på ca. 5,8 GWh, ved å nytte fallet på 258,5 meter i Tverrdalsfossen. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 393,5 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 12 meter og ei høgd på 3 meter. Vassvegen vil bli på 680 meter i kombinasjon mellom nedgraven røyrgate og tunnel fram til kraftverket. Sjølve kraftverket er planlagt på 135 moh. Det vert søkt om nye vegar på ca. 1330 meter, det er anleggsveg til inntaket og veg til sjølve kraftverket. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 23,4 mill. kr (4,07kr/kWh).

Det er i samband med utbygging av Tverråna, Bleidalselva og Seljedalselva kraftverk planlagt å bygge ny 22kV linje innover Hellandsdalen. Det vil for Tverråna kraftverk vere trong for ca. 50 meter luftlinje for å kople seg på denne. Dersom ikkje Budal II vert bygd, vil det vert lagt 1500 meter jordkabel for tilkopling på Budal I. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 650 meter lang elvestrekning. Planlagt minstevassføring er 38 l/s sommartid (1.5-30.9) og 22 l/s resten av året.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område. Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. I småkraftplan er Tverråna satt i middels konfliktgrad grunna allmenne interesser. Den gamle stølsvegen går delvis langs vassdraget, og denne vert kryssa på enkelte stader av anleggsvegen. For å sikra friluftslivsinteresser er det viktig at denne vert taka omsyn til under ei eventuell bygging. Det ligger langs planlagt røyrgate to eldre SEFRAK ruiner, desse vil ikkje verte råka då trykkroret er trekt lenger unna. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar eller raudlista artar i område bortsett frå Alm som er lista som sårbar (VU). Denne vert ikkje påverka av anleggsvegen eller røyrtasé. Redusert vassføring vil kunne påverke botndyrfauna i vassdraget. Anleggsvegen vil medføre bortfall av 0,37 km² av INON-område. INON er inngrepsfrie naturområde, delt på tre kategoriar. Bygging av veggen vil medføre bortfall av 0,37 km² i sonen 1-3 km frå nærmaste terrenngrep.

Budal II kraftverk

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på ca. 9,2 GWh, ved å nytte fallet på 102 meter i Budalselva. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 12,5 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 25 meter og ei høgd på 2 meter. Vassvegen vil bli på 1300 meter i nedgraven røyrgate fram til kraftverket. Sjølve kraftverket er planlagt på 25,5 moh. Det vert søkt om permanent ny veg på ca. 50 meter, då dei kan nytta eksisterande vegar. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 35 mill. kr (3,81kr/kWh).

Det er planlagt å kople seg på eksisterande kraftliner på Budal I, det er trong for ca. 30 meter med jordkabel for å få til dette. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1500 meter lang elvestrekning. Planlagt minstevassføring er 174 l/s sommartid (1.5-30.9) og 39 l/s resten av året.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område. Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. I småkraftplan er Budal II satt i middels konfliktgrad grunna allmenne interesser. Område rundt er mykje brukt i friluftsliv og er eit prioritert område i friluftslivsplan. Det er registrert SEFRAK ruinar i område, men dei vert ikkje råka av ei bygging. Det er registrert nasjonale forvaltningsartar i område, det er også observert oter som er lista som sårbar (VU) og nøttekråke nær truga (NT) på raudlista. Dei nasjonale forvaltningsartane som er registrert i område er av ein eldre observasjon (80-tallet). Artane kan truleg vere tilstade i dag, men er ikkje knytt til akvatisk miljø. Redusert vassføring kan påverke botndyrfauna i vassdraget. Då det er observert oter i område tidvis, vil det vere viktig at

vassføring ikkje vert for låg.

Kvernhusfossen

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på 8,63 GWh, ved å nytte fallet på 277 meter i kvernhusfossen. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 282 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 10 meter og ei høgd på 1,5-2,5 meter. Vassvegen vil bli på 670 meter i kombinasjon mellom nedgraven røyrgate og tunnel fram til kraftverket. Sjølve kraftverket er planlagt på 5 moh. Det vert søkt om ny permanent veg på ca. 60 meter, det er anleggsveg til inntaket og veg til sjølve kraftverket. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 34,7 mill. kr (4,02kr/kWh).

Det vil for Kvernhusfossen kraftverk vere trong for ca. 80 meter jordkabel for å kople seg på eksisterande kraftnett i nærområde. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 660 meter lang elvestrekning kor hovuddel utgjer ein foss. Planlagd minstevassføring er 175 l/s sommartid (1.5-30.9) og 30 l/s resten av året.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område, Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. Men i kommuneplanen er det lagt ein omsynssone på dette vassdraget, vassdraget ligger i sone for bevaring av vassdrag mot småkraftutbygging (H_550). Planlagd tiltak er difor i strid med kommuneplanens arealdel. I småkraftplan er Kvernhusfossen satt i høg konfliktgrad grunna INON, landskap og reiseliv. Indre Mofjorden er i kartlegging av Landskap og store samanhengande naturområde med urørt preg (SNUP) satt i fjordlandskap klasse A. Klasse A er eineståande landskap og særskilt opplevingsrik. I fylkesdelplan for små vasskraft i Hordaland er dette påpekt, det visast til i plan at Kvernhusfossen er spesielt markert. Område er ikkje mykje brukt i friluftslivssamheng då område er ulendt og ikkje er lett tilgjengelig. Det er registrert SEFRAK bygg og ruinar i område. Ruinen vil ikkje verte påverka av vegen, då den leggst utanom. Dei andre bygga vert ikkje påverka av tiltaket. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar i område, men det er registrert to raudlista artar. Alm (VU) og ål (VU), alma vert ikkje påverka av tiltaket. Ål er funne i elva under fossen, dette var vaksne individ og det er lite truleg at dei vert påverka av ein utbygging. Tiltaket vil påverke INON-område, ei utbygging vil redusera INON-område med 0,6 km² i klasse 1-3 km frå nærmaste inngrep.

Todeilselva

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på ca. 6,7 GWh, ved å nytte fallet på 250 meter i Todeilselva og Almabekken. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 355 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 10 m og ei høgd på 3-4 m i Todeilselva. I Almabekken er demning planlagt til å vere 7-8 m lang g 2-3 m høg. Vassvegen vil bli på 900 m i nedgraven røyrgate frå hovudinntak, og 650 m frå Almabekken. Røyrgatene vil møtas på 150 moh, og gå i felles nedgraven røyrgate dei siste 280 meterane fram til kraftverket. Sjølve kraftverket er planlagt på 105 moh. Det vert søkt om permanent ny veg på ca. 400 meter, dei vil og nytta eksisterande vegar. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 30,1 mill. kr (4,50 kr/kWh).

Det er planlagd å kople seg på eksisterande 22kV line, for å gjere dette vil det bli lagt ca. 220 meter med 22kV jordkabel frå kraftverket til eksisterande nett. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 1630 meter lang elvestrekning, kor 490 meter utgjer Almabekken. Planlagd minstevassføring er på 30 l/s heile året i Todeilselva og 4 l/s heile året i Almabekken.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område. Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. I småkraftplan er Todeilselva satt i middels konfliktgrad grunna allmenne interesser. Den gamle ferdavegen mellom Flatekval og Farestveit går langs Todeilselva, dette er ein gamal ferdaveg/kyrkjeveg som går attende til middelalderen. Det er fleire kulturminne langs stien som

kvernhus og bruer. Anleggsveg og røyrgate vil på eit punkt krysse den gamle ferdavegen. Ferdavegen og område er brukt i friluftslivsamanheng og har verdi som friluftsområde særleg grunna kulturhistoria. Dersom vegen skal kryssast må det gjerast på ein så måte at kulturhistorisk verdi ikkje går tapt. Og kryssinga må tilpassast på ein slik måte at det ikkje vil vere til hinder for allmenn ferdsel.

Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar eller arter i område. Men tiltaket vil kunne påverke artssamansetting og produksjon i vassdraget med ved redusert vassføring og temperaturendring. For å unngå at ein gjer unøddig skade ved ein utbygging er det viktig at minstevassføring er stor nok gjennom året. Ei utbygging av vassdraga vil medføre eit tap av INON-område kategori 1 (1-3 km) på ca. 0,4 km².

Seljedalselva

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på ca. 5,8 GWh, ved å nytte fallet på 190 meter i Seljedalselva. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 383 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 12 meter og ei høgd på 2,5 meter. Det er og planlagd å overføre Trollegilsbekken til inntaket i Seljedalselva via bora sjakt på 240 meter. Vassvegen vil bli på 555 meter i nedgraven røyrgate fram til kraftverket. Sjølve kraftverket er planlagt på 193 moh, det er planlagd felles kraftverk for Seljedalselva og Bleidalselva. Det vert søkt om permanent ny veg på ca. 370 meter til kraftverket. Det er også trong for 690 meter veg til inntaka. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 23,2 mill. kr (4,0 kr/kWh) med overføring frå Trollegilsbekken. Utan overføring vert kostnaden kalkulert til 20,1 mill. kr (5,2 kr/kWh).

Det er planlagd å kople seg til nett til felles 22 kV line, som går inn Hellandsdalen. Denne er felles for Tverråna, Seljedalselva og Bleidalselva. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 600 meter lang elvestrekning. Planlagd minstevassføring er 47 l/s sommartid (1.5-30.9) og 28 l/s resten av året. Det er ikkje planlagd slepp av mistevassføring i Trollegilsbekken.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område. Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. I småkraftplan er Seljedalselva satt i middels konfliktgrad grunna landskap/biologisk mangfald. Det er registrert to SEFRAK ruiner i nærleiken av kraftverket, desse kjem ikkje i konflikt med tiltaket. Det ble under undersøkingane oppdaga ruinane etter ei gamal høyløe, denne er ikkje registrert. Røyrtrasen har blitt lagt slik at den ikkje kjem i konflikt med denne. Det har ved gjennomgang av område vert lokalisert enkelte raudlista artar, barlind, alm og olivenlav. Desse vert truleg lite påverk av tiltaket. Men dersom delar av vegar, røyrtrase eller liknande kjem i nærleiken må desse ivaretakast. Det var i samband med kartlegging av område også oppretta to nye naturtypelokalitetar. Ein er gamal, fattig edellauvskog med verdi viktig (B) og ein bekkekløft og bergvegg, gammal lauvskog med verdi viktig (B). Den gamle edellauvskogen vert lite påverka av tiltaket, men røyrtraseen er planlagt i grensa til lokaliteten. Bekkekløfta vert meir påverka av utbygginga da inntaket og overføring av Trollegilsbekken er den øvre delen av lokaliteten. Det er lite truleg at tiltaket vil påverke naturtypen i stor grad. Men det bør takast omsyn slik at naturtypen ikkje vert øydelagd eller at den mister verdi for framtida. Dersom tiltaket vert gjennomført vil dette medføre ein reduksjon i INON-område i nærleiken. Reduksjon vil vere 0,37 km² av eit område i kategori 1 (1-3 km). Tiltaket vil medføra redusert vassføring og det kan påverka botndyrfauna og fisk i vassdraget. Det er truleg både oter og fossefall i nærleiken eller i nedre delar av vassdraget. Oteren er truleg ikkje stasjonær. Det bør av omsyn til artar og naturtypar i og langs vassdraget difor vere stor nok minstevassføring. Det er registrert to artar av nasjonal forvaltningsinteresse i område, funna er gamle og artane er lite påverka av ei eventuell utbygging.

Bleidalselva

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på ca. 4,6 GWh, ved å nytte fallet på 150 meter i Bleidalselva. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 343 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 15 meter og ei høgd på 2,5 meter. Det er og planlagd å overføre ein sidebekk til Bleidalselva, til inntaket via nedgravi røyr i 80 meter. Vassvegen vil bli på 580 meter i nedgraven røyrgate fram til kraftverket. Sjølve kraftverket er planlagt på 193 moh. Det vert søkt om permanent ny veg på ca. 370 meter til kraftverket. Det er også trong for 80 meter midlertidig anleggsveg til sideinntak. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 20,8 mill. kr (4,52 kr/kWh) med overføring frå sidebekken. Utan overføring vert kostnaden kalkulert til 20,5 mill. kr (5,54 kr/kWh).

Det er planlagd å kople seg til nett til felles 22 kV line for Tverråna kraftverk og Seljedalselva kraftverk. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 630 meter lang elvestrekning. Planlagd minstevassføring er 23 l/s sommartid (1.5-30.9) og 14 l/s resten av året. Det er ikkje planlagd slepp av minstevassføring i sidebekken.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område. Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. I småkraftplan er Bleidalselva omtalt under Budalselva, og er satt i middels konfliktgrad grunna allmenne interesser. Område er mykje brukt i friluftslivsamanheng, både sommar og vinter. Område ligg nærme Bleidalsstølen, og ber preg av at det har vore stølsdrift og utmarksbeite. Det er ikkje registrert kulturminne i område, med unntak av to SEFRAK ruiner ved kraftverket. Desse vert ikkje påverka av tiltaket. I samband med kartlegging av område vart det oppdage eit område med eik og barlind. Område var av ein slik kvalitet at område har blitt merka som ein egen naturtypelokalitet. I denne var det funne hole eiker, som er eit viktig element for biologisk mangfald. Barlind er på raudlista med status sårbar (VU). Den planlagde røyrtrase er lagt langs kanten av denne lokaliteten, men på et punkt går den litt inn i sjølve lokaliteten. For å ivareta denne lokaliteten er det viktig at ved ein eventuell utbygging tek vare på dei kvalitetane område har, både nå og på ein slik måte at lokaliteten ikkje mister sin verdi over tid. Vidare vil ein redusert vassføring kunne på innverknad på livet i vatnet som botndyrfauna. Det er områder med hekkande fossefall nedom planlagt tiltak. Det er difor viktig at mistevassføring vert stor nok for å unngå unødig skade på mangfaldet i og langs vassdraget.

Almelidelve

Kraftverket vil gje ein årleg produksjon på ca. 4,5 GWh, ved å nytte fallet på 224 meter i Almelidelve. Inntaksdammen er planlagd å ligga på 353 moh, inntaksdammen i betong er planlagd med ei lengd på 10 meter og ei høgd på 3 meter. Vassvegen vil bli på 730 meter i nedgraven røyrgate fram til kraftverket. Sjølve kraftverket er planlagt på 129 moh. Det vert søkt om permanent ny veg på ca. 940 meter til tilkomst til inntaket. Det er planlagd å nytta eksisterande veg til kraftstasjonen. Utbyggingskostnad er i søknad kalkulert til 21,5 mill. kr (4,78 kr/kWh).

Det er planlagd å kople seg til eksisterande nett 22 kV på nordsida, dette krev 600 meter luftlinje. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 650 meter lang elvestrekning. Planlagd minstevassføring er 25 l/s heile året.

Arealet er i kommuneplanens arealdel lagt ut som LNF-område. Dette gjeld både for kraftverket og inntaket. I småkraftplan er Almelidelve satt i middels konfliktgrad grunna almenne interesser. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i område. Men det er fleire SEFRAK bygg og ruinar i område. Ingen av desse vert påverka av veg, røyrtrase eller kraftverket. I tillegg går det ein gamal seterstig opp i område, deler av denne ligg i røyrgata. Dersom en skal legge røyrgata i denne, vil det vere viktig at det takast omsyn slik at ein kan ferdast på denne etter at røyrgata er lagt ned. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar eller raudlista artar i område. Det er registrert nokre i kringliggande område, men dei vil ikkje verte påverka ved ei eventuell utbygging. Dersom tiltaket vert

gjennomført medfører det tap av INON-område. Det vil verte ein reduksjon av INON-område på 0,47 km² i kategori 1 (1-3km). En reduksjon i vassføring vil kunne påverke liv og langs vassdraget til dømes botndyrfauna og fugl knytt til vassdrag. Det er difor viktig at det blir ein stor nok minstevassføring for å unngå unødig skade på liv i vassdraget.

Samla vurdering

Miljø og biologisk mangfald

All kraftutbygging har innverknad på miljøet i ulik grad etter fleire forhold. Til dei 8 søknadane har det vore gjennomført ei kartlegging av miljøet og miljøpåverknad ved ei eventuell utbygging. Det varierer noko mellom søknadane, frå lågt negativt til middels negativ påverknad. Dei som har høgast miljøpåverknad skyldast dette funn av artar som er sårbare eller naturtypar med verdien høg. I hovudsak er det som følgje av infrastruktur eller redusert vassføring som vil gje den negative innverknaden. Det vil difor vere viktig at minstevassføring er stor nok til å unngå unødig skade/innverknad på vassdraget.

I Bleidalselva- og Seljedalselva kraftverk som begge har middels negativ innverknad, er miljøpåverknaden i hovudsak i knytt til at planlagt røytrase som går langs og litt inn i to registrerte naturtypar med verdien B. Nåmdalselva kraftverk står med påverknad liten til middels, avhengig av kva lokalitet som veljast for kraftstasjonen. Her vil alternativ plassering A og B ha større påverknad enn alternativ C. Dette skuldast at på den nedste delen av elva har eit habitat som er svært godt egna for vintererle og fossefall. Dersom ein vel alternativ C vil denne delen av elva ikkje få redusert vassføring og miljøpåverknaden vil verte mindre.

Landskap

Dei ulike søknadane vil ulikt påverke landskapet, men felles for alle er at det vil bli synlege inngrep. Kuart kraftverk vil leggje beslag på areal i samband med vegar og røyrgate, men i alle søknadane er det planlagt å nytta mest mulig av eksisterande vegar i samband med utbygging og drift. Det vil også vere trong for linjer til enkelte av kraftverka. I anleggsfasen vil landskapet ha større preg av inngrep enn i driftsfasen. Nye vegar kan også ha ein positiv påverknad ved letta ferdsel i samband med beiting, utmarksnæring og skog. Det kan også legges til rette for auka ferdsel for friluftslivet.

Det er positivt at alle søknadane skal ha nedgravde røyrgater eller tunnel i fjell, dette reduserer det visuelle inntrykket av kraftutbygging. Men det vil vere synlege spor som vegar, demningar og kraftstasjon. Dei ulike søknadane vil i varierende grad vere synlig frå veg og sti, men det er lagt vekt på at dei skal tilpassast terrenget for å vere minst mogleg synleg. Redusert vassføring er ofte eit synleg resultat av vasskraftutbygging. Det er varierende kor mykje av dette som er synleg, til dømes vil redusert vassføring i Hellandsdalen vere mindre synleg for folk flest enn redusert vassføring i Kvernhusfossen. 4 av søknadane vil medføra reduksjon i INON-område. Tveråna, Seljedalselva, Kvernhusfossen- og Almelidelta vil alle redusera INON med mellom 0,37-06 km². Det vil vere INON-område i kategori 1 (1-3 km) som vil verte redusert. Dette vil ikkje vere stor reduksjon på dei enkelte område, og vil vere i ytterkant av INON-område.

Samfunnsnytte

Ein utbygging av småkraftverk vil bety auka kraftproduksjon som igjen vil gje høgare skatteinntekter til kommunen. I anleggsfasen vil også lokalt næringsliv kunne få auka inntekter som leverandører til ei utbygging. I hovudsak kan ein nytta lokalt næringsliv til grunn, betong og byggingsarbeid. Det kan bidra til auka lokal verdiskaping. Vidare opnar ei kraftutbygging for at det vil vere trong for lokal

arbeidskraft på deltid til tilsyn og drift av kraftverka. Det er samstundes positivt for kommunen om kraftproduksjonen kan bidra til auka inntekter på lokale gardsbruk. Ei kraftutbygging kan virke positivt på busetnad i Modalen, auka lokal verdiskaping er viktig for å sikra lokale arbeidsplassar og kan bidra til nye arbeidsplassar.

I reiselivs- og friluftslivssamanheng vil ei kraftutbygging kunne ha negativ effekt ved reduksjon av synlege element i landskapet. Kor stor påverknad dette vil ha har ein samheng med kor synleg vassdrag/fossar er i landskapet, eller kor mykje område rundt er brukt.

Konklusjon

Generelt sett er Modalen kommune positiv til småkraft kan bygjast for å gje tilleggsnæring/inntekter og vere med på å styrke kommunens inntektsgrunnlag. Dette vil også kunne vere positivt for å styrke busetnaden i kommunen.

Kommunen har ikkje merknader til bygging av kraftverk i Tveråna, Budal II, Seljedalselva, Bleidalselva, Todeisselva og Almelidbekken. For Nåmdalselva har kommunen en merknad, kommunen anbefaler ved godkjenning av søknad, at kraftstasjonen leggest på alternativ C. Dette for å redusere kraftverkets miljøpåverknad, då dette er mogleg. Samtidig vil denne plasseringa redusera inntrykket av kraftutbygginga ved at ein mindre strekning av elva får redusert vassføring i den delen av elva som er nærmast veg og bustader. Vidare vil sjølve kraftstasjonen vere mindre synleg og det er mindre areal som vert nytta til røyrgate.

Dei er ikkje i strid med kommuneplanens arealdel, og har middels eller låg konfliktgrad i småkraftplanen. Fylkesdelplan viser til at det er i Modalen-Eksingedalen er eit stort potensiale for småkraft og kommunen meiner at prosjekta ovanfor er i tråd med fylkesdelplanen.

Kommunen har merknader til Kvernhusfossen kraftverk, og vil ikkje tilrå at denne vert bygd ut. I kommuneplanens arealdel er dette vassdraget i LNF-område, men har ein omsynssone mot kraftutbygging og tiltaket er difor i strid med kommuneplanen. Vidare har vassdraget i kommunens småkraftplan høg konfliktgrad, som følgje av at fossen er eit viktig landskapselement. Fossen er godt synleg i Mo sentrum, og i frå sjø. Den er difor eit viktig element i reiselivssamanheng. Sjølv med ein høg minstevassføring vil fossen vere påverka av reguleringa.

I Fylkesdelplan for småkraft vert det vist til at det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden og i Mo sentrum. Det er også i planen vist til at fjordlandskapet langs Mofjorden er heilskapleg, med stort mangfald og høg inntrykksstyrke og er vurdert å ha stor verdi. Kvernhusfossen er i fylkesdelplan omtalt som svært markert i landskapet.

Modalen kommune har unike natur- og kulturlandskap som ein ønskjer å ta vare på i ei balansert utvikling mellom natur-/friluftssinteresser og næringsutvikling. Søknadane gjev ein grundig informasjon om omsøkte tiltak og konsekvensvurderingar av desse. Når det gjeld Hellandsdalen er dette meir brukt turområde enn det som er belyst i søknadane. Det er brukt av skule, barnehage og lokalbefolkning. Anleggsvegen vert nytta som ein av innfartsvegane til Stølsheimen for dei som skal nytta turlaget sine hytter. Både etablering av inntaksdammar, rørgater, anleggsveg, kraftstasjon og linjebygging vil gje landskapsmessige konsekvensar. Modalen kommune føreset derfor at NVE fastset restriktive konsesjonsvilkår til gjennomføring av prosjekta for å minimalisera dei miljømessige ulempene som tiltaka medfører.

Formannskapet - 037/2016

FOR - behandling:

Vurdering av habilitet for medlemmer av formannskap og kommunestyre:

Ordfører og rådmann hadde før møtet føreteke ei vurdering av habiliteten til ulike medlemmer av formannskapet og kommunestyret.

Saka omfemner 8 konsesjonssøknader. Mange medlemmer er innhabile gjennom direkte økonomiske interesser som grunneigarar/rettighetshavarar og/eller ved nær slektskap. Formannskapet føretok ei vurdering av habilitetstilhøva og konkluderte med at det ikkje vil vere mogleg å handsame saka i eit vedtaksfør formannskap, sjølv om alle varamedlemmer vart nytta.

Ordfører er gift med styreleiar i Modalen kraftlag og er derfor også ugild i saka. Varaordfører vil derfor vere den som tek ansvar for den vidare politiske handsaminga.

FOR - vedtak:

Saka vert å leggja fram for kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

Kommunestyret - 029/2016

KS - behandling:

Mange faste medlemmer og varamedlemmer er ugilde i denne saka. Ordfører orienterte derfor innleiingsvis om vurderingar av habilitet for ulike innkalla medlemmer/varamedlemmer.

Følgjande er vurdert å vere ugilde med slik grunnlag:

Tom Kristian Thorsen er gift med styreleiar i Modale kraftlag

Ann-Jorunn Farestveit er grunneigar med økonomisk interesse i utbyggingsprosjekt

Frank Stian Steinsland er grunneigar med økonomisk interesse i utbyggingsprosjekt

Håvard Engeseth er svoger til grunneigar med økonomisk interesse i utbyggingsprosjekt

Marianne Tepstad er svigerdotter til grunneigar med økonomisk interesse i utbyggingsprosjekt

Kjetil Eikefet er svoger til grunneigarar med økonomisk interesse i utbyggingsprosjekt

Anne Britt Almelid er mor til grunneigar med økonomisk interesse i utbyggingsprosjekt

I møtet vart det reist spørsmål også til habiliteten for Kristin Nåmdal

Etter ordfører sin gjennomgang gjekk representantar som var ugilde etter Fvl § 6.1 deretter frå. Så langt som råd vart dei erstatta med varamedlemmer og det var då 9 medlemmer att.

Kristin Nåmdal orienterte om ulike tilhøve som det var reist spørsmål ved til hennar habilitet og ho gjekk deretter frå.

Val av setteordførar

Liv Anne Aanesen føreslo at Sigmund Ingvald Vikane vart valt til setteordførar. Vikane vart samrøystes valt og tok over møteleiinga i saka.

Rådmannen orienterte deretter om kva som kan leggjast til grunn ved skjønnsmessige vurderingar etter Fvl § 6 andre ledd og gav ei kort vurdering av ulike moment som var trekt fram i høve Kristin Nåmdal sin habilitet. Desse momenta var at ein onkelen er grunneigar med økonomiske interesser i eit prosjekt, ho var opplyst å skulle delta på eit grunneigarmøte. Kristin Nåmdal laga i 2011 forøvrig ein småkraftplan som det er refert til i administrasjonen si saksutgreiing.

Kristin Nåmdal sin habilitet vart deretter drøfta og vurdert. Ho vart samrøystes erklært ugild i saka.

I den vidare handsaming vart det 8 medleamar til stades.

Presentasjon og orientering om omsøkte utbyggingsprosjekt

Modalen kraftlag var invitert til å gje ein presentasjon av alle omsøkte utbyggingsprosjekt. Styreleiar Vibeke Thorsen og nestleiar Jan Arild Steinsland orienterte og svarte på spørsmål om dei ulike prosjekta.

Sakshandsamar Marius Flemmen Knudsen orienterte deretter om administrasjonen sine vurderingar i saksframlegg og tilråding til vedtak.

Etter orienteringa vart det sett fram følgjande framlegg til endringar:

Simiona Lukaseviciute Arnesen:

tilføyning tredje avsnitt "Modalen kommune meiner at ved godkjenning av konsesjonsøknaden til Nâmdalselva kraftverk bør det takast omsyn til badeplassen ved Nâmdalsbrua, ved val av dei omsøkte alternativa."

Liv Anne Aanesen:

tilføyning i andre avsnitt som nytt avsnitt

"Kommunen vil likevel understreke at den samla belastninga som 8 nye utbyggingar vil gi, som kjem som tillegg til ei lang rekke eksisterande utbyggingar, synest i overkant stor."

og i siste setning tilføye - *"betydeleg"*

tilføyning i fjerde avsnitt

"Kommunen ynskjer at det skal stillast krav til vegar som vert nytta til kraftutbyggingsprosjekta, skal vera utan bom og tilgjengeleg for allmenn ferdsel, og at dei vert halde godt vedlike."

Røysting

Det vart først røysta over kvart av endringsframlegga. Alle vart samrøystes vedtekne.

Deretter vart det røysta over rådmannen sit framlegg med dei endringar som vart vedtekne ovanfor.

Tilråding med endringar vart samrøystes vedteke

KS - vedtak:

På generelt grunnlag er Modalen kommune positiv til at småkraftverk kan byggjast for å gje tilleggsnæring/inntekter og vere med på å styrkje busetnaden i kommunen.

Modalen kommune har ikkje merknader til konsesjonssøknaden for Tverråna Kraftverk, Budal II kraftverk, Todeilselva kraftverk, Seljedalselva kraftverk, Bleidalselva kraftverk og Almelidelta kraftverk slik anlegga er planlagd gjennomført og med dei avbøtande tiltak som er tilrådd i søknaden. Kommunen vil likevel understreke at den samla belastningne som 8 nye utbyggingar vil gje, som kjem som tillegg til ei lang rekke eksisterande utbyggingar, synest i overkant stor. Kommunen vil påpeike at Hellandsdalen er betydeleg meir brukt i friluftslivssamanheng enn det som kjem fram i søknadane.

Modalen kommune meiner at ved godkjenning av konsesjonssøknaden til Nåmdalselva kraftverk bør alternativ C velgast for å redusera miljøpåverknad som beskreve for alternativet. Modalen kommune meiner at ved godkjenning av konsesjonssøknaden til Nåmdalselva kraftverk bør det takast omsyn til badeplassen ved Nådalsbrua, ved val av dei omsøkte alternativa.

Modalen kommune gjev motsegn mot konsesjonssøknaden for Kvernhusfossen kraftverk. Tiltaket strir mot kommuneplanens arealdel, då arealet har omsynssone mot utbygging av vasskraft. Vidare er Kvernhusfossen eit viktig element i fjordlandskapet og er godt synleg frå Mo sentrum og frå fjorden. Dette kjem også fram i Hordaland Fylkeskommune sin fylkesdelplan, kor det vert vist til at det er særleg viktig å ta vare på eksponerte fossar langs fjorden og i Mo sentrum

Modalen kommune føreset at NVE fastset restriktive konsesjonsvilkår til gjennomføring av disse prosjekt for å minimalisera dei miljømessige ulempene som tiltaka medfører. Det må takast omsyn til turstiar, ferdaveger, sætersti og liknande ved utbygging slik at allmenn ferdsel og friluftsliv ikkje vert hindra. Kommunen ynskjer at det skal stillast krav til vegar som vert nytta til kraftutbyggingsprosjekta, skal vera utan bom og tilgjengeleg for allmenn ferdsel, og at dei vert halde godt vedlike. Kraftverk og lukehus må ha fokus på estetisk utforming og tilpassast terrenget. Kraftverka skal liggje sentralt fleire stadar i bygda og nær opp mot naboar. Estetisk utforming og redusering av støy er derfor viktig for prosjekta. Det må stillast krav til opprydding av tiltaksområde.

Vedlegg:

Høringsbrev - Modalenpakken - 8 småkraftverk i Modalen kommune i Hordaland. NVEs referanse: 201307610-9